



## KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 16. november 2015  
**Stad:** Meland kommunehus – møterom 3  
**Kl.:** 08.30 – 11.15  
**Tilstade:** Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar)(gjekk 10.20), Aslaug Aalen (medlem) (gjekk kl. 10.50), Anne Marie Skurtveit (medlem), Rikke Nordal (medlem), Morten Klementsens (medlem) (kom kl. 09.30), Birgit Pihl (vara), Dag Erik Hagesæter (vara), Solbjørg Åmdal Sandvik (vara) og Torhild Stav Skare (vara)  
**Innkalla:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik  
**Sekretær:** Tonje Husum Aarland  
**Forfall:** Øyvind Bratshaug (medlem), Helge Nygård (vara), Tore Eugen Hansen (vara) og Arnold Tveit (vara)

---

### 27/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Innkalling og sakspapir vert sendt på e-post til faste og vara medlemmer, og dei som ønskjer å få dette i vanleg post gjer ei tilbakemelding til sekretariatet om dette.

### 28/15 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Dette var første møte i kontrollutvalet i ny periode.

### 29/15 Skriv og meldingar

Det var ingen skriv og meldingar.

### 30/15 Orientering frå rådmannen

Rådmann orienterte om sin rolle, Meland kommune sine utfordringar framover, administrasjonssjefens internkontroll og forventingar til kontrollutvalet.

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

### 31/15 Orientering frå revisjonen

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik orienterte om revisjonsordninga, rolle og oppgåver.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

**32/15 Oppsummering frå førre periode og orientering frå sekretariatet**

Sekretariatet ga ei oppsummering frå førre periode og orienterte om sine oppgåver.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

**33/15 Orientering om relevante kursdagar og utdeling av «Kontrollutvalsboka»**

Sekretariatet orienterte om relevante kursdagar og delte ut «Kontrollutvalsboka». Leiar av kontrollutvalet har meldt på faste medlemmer til kurs i Nordhordland 20. januar. Dei faste medlemmene melder i frå til sekretariatet ved forfall til kurs.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

**34/15 Møteplan for 2016**

Forslag til møteplan for 2016 vart lagt fram og diskutert i møte.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteplan for 2016 slik den ligg føre.

**35/15 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknad. Kontrollutvalet ønskjer å få desse tilsendt på e-post frå kommunen.

**36/15 Eventuelt**

Saker til neste gang:

- Orientering om medlemskap i Transparency International Norge

- Orientering om ventelisteordning innanfor pleie og omsorg

Neste møte i kontrollutvalet vert 9. februar 2016 kl. 08.30.

Frekhaug, 16. november 2015

*Kåre Skibenes*  
Kåre Skibenes /leiar

*Tonje Husum Aarland*  
Tonje Husum Aarland /sekretær

